

# Tobakksbutikken

## Reimers & Sønns efft.

### Kulturminnedokumentasjon



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



## Miljøet

Butikklokalet til den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns efft. AS ligg ut mot Olav Kyrres gate i kjernen av Bergens forretningsstrøk. Bygget, med adresse Olav Kyrres gate 1, er ein del av kvartalet som i dag utgjer kjøpesenteret Galleriet. Det opna hausten 1988 og vart til gjennom at gardsplassen i kvartalet vart overbygd med eit glastak. Veggane inn mot gardsplassen vart opna opp, og på gardsromsfasadane er det bygd galleri i kvar etasje forbunde med rulletrappar. Kvartalet har òg fasade mot Rådhusgaten, Småstrandgaten og Torgallmenningen. Olav Kyrres gate er relativt trafikkert med haldeplassar for bussane til og frå sentrum, medan Torgallmenningen er Bergens viktigaste byrom og er reservert for gåande. Bygningane er del av attreisingsstrøket etter bybrannen i 1916. Strøket vart regulert til slutta kvartal med felles gardsrom. Attreisingsperioden strakk seg over vel 20 år og i detaljeringa ber fasadane preg av skiftande stiloppfatningar. Dei tidlege bygga, som til dømes Stender, naboen til Olav Kyrres gate 1 mot nordaust, er i såkalla bergensstil med detaljar inspirert frå 1700-talsarkitekturen. Dei seinaste bygga frå attreisingsperioden har fått eit meir funksjonalistisk formuttrykk, medan brorparten, deriblant Olav Kyrres gate 1, er oppført i 1920-talets nyklassisisme. Samstundes som strøket viser variasjon i stildetaljering, førte regulerings- føresegnene til likskap i fasadar med omsyn til mellom anna tal på etasjar, gesimshøgde, vindaugsoپningar og vindaugstypе. Fasadane som vender mot Torgallmenningen har 6 etasjar, elles har bygga i kvartala nær Torgallmenningen 5 etasjar.

## Bygningen

Olav Kyrres gate 1 er teikna av arkitektane Fredrik Arnesen (1879-1963) og Arthur Darre Kaarbø (1881-1948), og sto ferdig i 1927. Bygningen er ein del av sentrumsstrøket som vart attreist etter bybrannen i 1916. Arkitektkontoret Arnesen & Darre Kaarbø vart etablert i Bergen i 1910, og i attreisingsperioden på 1920- og 30-talet utmerka kontoret seg med særleg mange oppdrag. Dei er kjent for eit solid arkitektonisk formspråk med gjennomarbeida detaljutforming, høg materialkvalitet og godt handverk. Olav Kyrres gate 1 er i så måte ikkje noko unntak.

Byggherre for Olav Kyrres gate 1 var livsforsikringselskapet Hygea, som saman med søsterselskapet Vesta – som dreiv med skadeforsikring – var hovudbrukarane av huset. Vesta og Hygea var formelt to separate selskap, men med same styre frå dei vart oppretta i 1880-åra og heilt til 1989. Båe selskapa vart husvillе i 1916-brannen. Den store tomte Olav Kyrres gate 1-3-5 vart kjøpt av Hygea i 1924, og planlegginga av nybygget må ha teke til kort etter. Teikningane er daterte september 1925.

Bygningen har 5 etasjar, i tillegg til ein full kjellaretasje og to loftsetasjar under skråtaket. Vesta og Hygea nytta hovudsakleg 2., 3. og deler av 4. etasje sjølvе, samt at dei hadde arkiva sine i 6. etasje, dvs. den nedste loftsetasjen. På det øvste loftet var det mellom anna eit felles lunsjrom. Resten av bygget vart leigd ut til kontor og butikkverksemd. Butikkane heldt til på gateplan. Selskapa ekspanderte og tok etter kvart i bruk heile bygget, med unntak av butikkane. I 1936 vart bygget forlenga med to fag mot vest i Rådhusgaten og atmed dette fekk firmaet bygd Torgallmenning 8 i stram, sober nyklassisisme med same fasadeskjema som dei andre husa mot Torgallmenningen.

Olav Kyrres gate 1 er oppført med skjelettkonstruksjon av søyler, dragarar og dekke i armert betong. Innvendige vegger samt ytterveggene mellom pilarane er i mur. Byggets hovudpreg er nyklassisistisk, med ein kolossalorden som hovudmotiv i fasadearkitekturen. Butikketasjen er markert som ein sokkeletasje, med forblending i kleberstein henta frå Lygra. Over denne er veggene pussa og måla i ein lys grå nyanse. Konstruksjonen er her markert i fasaden som joniske kolossalpilastrar måla i ein mørkare grå nyanse. Søylebaser, kapitél og gesims er av kleberstein. 1. etasje har store butikkvindaugе og dører til butikkane med klassisistisk detaljering. Over gesimsen er to loftsetasjar som ligg innafor eit valmtak med svai og svartglasert takstein. To piper ligg ut mot kanten av mønet og har kopparkledning. Loftsetasjen vart ominnreia med nye kontor i 1948 og fekk då dei koparkledde takarkene som bygget har i dag. Desse er teikna av arkitekt Per Sande ved arkitektkontoret Arnesen & Darre Kaarbø. To inngangsparti som fører inn til trappehallane, eitt mot Rådhusgaten og ein hovudinngang sentralt plassert i fasaden mot Olav Kyrres gate. Begge inngangane ligg djupt i fasaden innafor ein klebersteinsboge med smijernsporter, og med opphavlege lykter monterte i fasadeveggen på sidene.

I interiøret sto arkitektkontoret Arnesen og Darre Kaarbø for rominndeling og detaljutforming av fellesareal som korridorar med inngangsdører til kontor og butikkar, og dei to trappehallane med heishus. Dei sto òg for innreininga av dei delane av bygget som forsikringselskapa Vesta og Hygea opphavleg disponerte, hovudsakleg i 2. og 3. etasje. Teikningsarkivet etter Arnesen og Darre Kaarbø visar mellom anna innreining av ekspedisjon, direktørkontor med forkontor og styrerom. Arkivet inneheld detaljerte teikningar av alt frå veggpanel, radiatordekseл og eldstad, til kontormøblar, lampar og skilting. Innreininga ber preg av gjennomarbeida detaljar og gode materialkvalitetar. Det kan ikkje utelukkast at dei kan ha teikna innreining for nokre av butikkane, men det er ikkje

spor av dette i teikningsarkivet, eit arkiv som synast relativt komplett. I juvelérforretninga Smaragd, som låg i hjørnelokalet i same bygning, skal innreiinga frå 1927 ha vore teikna av arkitekt Leif Rustad. Denne minna om innreiinga hjå Reimers tobakk, med hyller, veggpanel og diskar i mørkt treverk med intarsiadekor, men var meir reindyrka nyklassisistisk i stilen.

Eksteriøret er godt bevart og har mellom anna dei opphavlege dørene og vindauga av teak. Ved ombygginga til kjøpesenter i 1988 vart interiør og rominndeling i bygget totalt endra. Mellom anna vart det inntil då intakte 1920-talsinteriøret i Smaragd heilt utradert. Saman med fasaden og butikklokalet til Reimers tobakk, er det hovudinnangshallen som er best bevart, og her er òg trappeløpet intakt. Inngangshallen innafor sideinngangen har òg framleis nokre bevarte kvalitetar med skifergolv og detaljar i mørkbeisa eik, men trappeløp og heishus er borte og erstatta med ein ny baktrapp og nye heisar.

## Butikkinteriøret

På arkitektane si planteikning for 1. etasje er butikklokala teikna inn med namn på dei ulike verksemdene som skulle leige seg inn, blant desse tobakksbutikken Reimers & Søn. Butikken vart tidsriktig innreia og sto ferdig samstundes som bygget. Reimers var i kontinuerleg drift fram til nedlegginga i 2003. Det opphavlege interiøret stod då så godt som uendra. Med mindre tilpassingar i samråd med kulturminnemynde, vart lokalet tatt i bruk som kafé frå 2004 og fekk då namnet «Kaffelade».

Butikklokalet ligg vegg i vegg med vestibylen og har tilkomst frå denne samt frå Olav Kyrres gate. Det er eit smalt rektangulært lokale med eit areal på grovt rekna 31,5 m<sup>2</sup> (3,5m x 9 m) inkludert bakrommet. Veggen mot gata har eit stort butikkvindauga som nærast går frå golv til tak. Attmed dette er gatedøra som er trekt ut mot sida og over denne eit eit-rams luftevindauga som er botnhengsla og vippar innover. Døra har ei stor vindaugsflate som mot gata har klassisistisk dekor. Ytterdør og vindauga er som nemnd teikna av byggets arkitektar og utført i teak.

Det er ikkje kjent kven som har utforma sjølve butikkinteriøret, men det er eit gjennomarbeida interiør som tilseier at det har vore nytta arkitekt eller eit dyktig snikkerfirma. Innreiinga i lokalet er forseggjord og raffinert med interiørelement der det er nytta ulike finare tresortar, i hovudsak mahogni. Formspråket er tidstypisk og kan karakteriserast som nyklassisisme med eit visst preg av art deco, men òg med enkelte meir barokkprega innslag.

Taket er delt inn i rutenett ved hjelp av mørke trelister på kvitmåla botn. Frå taket heng ei messingfarga fem-arma lampe. Den har hatt mansjettar, men desse er fjerna. Lampa kan være opphavleg. Den inngår som del av det faste interiøret.

Ein veit ikkje korleis det opphavlege golvet har sett ut. Ved nedlegging av tobakksbutikken hadde det nyare linoeum direkte på betonggolvet, no har det fliser av skifer lagt i mønster.

Lokalet er dominert av ei stor hylla i mahogni som dekkjer heile langveggen mot nordaust i om lag  $\frac{3}{4}$  av vegg-høgda og er avslutta med ei brei, profilert list. Hylla har eit markert, midtfelt med eit sirkulært felt øvst med eit ur i. Sirkelen stikk opp over hylla som ein boga gavl. Undersida av sirkelfeltet er forma som ein mørkare ranke, og på sidene av denne er to par med langstrakte, smale søyler om «ber» feltet med uret i. Desse søylene har snodd skaft i mørkare tre og gullmåla vifteforma kapitél med stilisert bladornamentikk. Nedst har hylla skyvedører med rektangulære profilerte «spegel» ramma inn av ei smal mørkare list, snodd på same måte som søylene. Treet i spegelen har diagonale sjatteringar lagt i symmetrisk mønster. Midtpartiet har eit dekorativt blome-motiv i intarsia i ein lysare tresort.

Med same høgda som hylla er motsett langvegg organisert som fyllingspanel med ei profilert list øvst. Øvste del har opne veggfelt med ramme av mørkt tre, nedste del har profilerte brystningsfelt lik skyvedørene i hylleseksjonen. I dei øvste opne felta var det opphavleg tapet, i dag er dei dekorert med ein collage av svart-kvitt foto bak glas. I felta har ein funne mindre restar av det som truleg var det opphavlege tapetet. Veggene elles er i dag måla lys gule. Dei noverande fargene er fritt valde og byggjer ikkje på spor etter eldre fargesetting, men svart/kvitt-foto frå 1979 viser same hovudpreg som i dag, med lyse pussflater i himlinga og ein litt mørkare farge på veggene.

I forlenginga av fyllingspanelet på nordvestveggen, i hjørnet mot utgangsdøra, er eit radiatordeksel med art-deco-prega, stramt geometrisk mønster i mahogni på netting. På motsett ende av nordvestveggen er døra som forbind butikklokalet med vestibylen. Døra har eit stort vindaugsfelt med 3 x 6 glasruter. Ho er blant standardtypene som arkitektane teikna for plassering i ulike delar av bygget, men utifrå teikningane har det truleg ikkje

vore planlagt ei dør her opphavleg. Denne teorien vert òg styrka av at ho bryt med rytmikken i veggfelta i vestibulen og i butikken. Stil- og materialmessig passar døra godt inn i butikkinteriøret.

Eldre foto visar at også bakveggen inst i lokalet har hatt hyller lik langveggen mot nordaust, og at vindaugsutstillinga har hatt eit høgt skjerm Brett mot butikken. Dette var tredelt med eit framheva midtpanel og enklare sidepanel. Skjermen følgjer same dekorskjema som veggen, her med brystning kombinert med ein øvre del i blyglas. Midtre felt har ein svunga, barokkaktig gavl dekorert med ein utskoren medaljong med initialane R & S, Reimers & Søn. På eit tidspunkt, høgst truleg på 1980-talet (etter 1979), har den gamle bakveggen og hyllene mot den blitt fjerna og skjermveggen demontert. Ny bakvegg vart sett opp om lag 1 m lenger inn, med ei brei opning til butikklokalet.

Blyglas og tremateriale frå sidepanela i skjerm Brettet vart gjenbrukte i ein nyare låg boks for vindaugsutstilling, med blyglasruta i liggande format som bakvegg og sidepanel i tre. Ved ombygginga i 2004 vart det her laga til ein høg benkeplate med vindaugsplassar for kafégjestar. Benkeplata er tilpassa resten av interiøret og er i mørkt tre med den snodde ranken i mørkare tre som kanting.

Den største endringa som blei gjort i 2004 var at ein fjerna den opphavlege disken for å gjere lokalet betre eigna for kafédrift. Den opphavlege disken er ivareteken av Stiftinga Norsk Handelsmuseum i Bergen. Disken er i tre deler og desse har profilerte speglar på framsida lik brystning og skapdører i innreiinga elles. To av delane har glastopp for utstilling av varer, medan den siste biten er ein hjørnedel med eit toppstykke som truleg er for å skjule kassaapparat og ein fastmontert sigartenner i metall, truleg messing. Toppstykket for kassaapparat har same profilerte spegel med dekorfelt som disken sin base. Ved nedlegginga sto dei tre delane av disken etter kvarandre framom hyllen, men hjørnestykket tilseier at den truleg har stått i vinkel tidlegare. Ved ny bruk som kafé i 2004 fekk lokalet ny disk som ligg på tvers av rommet, like innafor døra til vestibulen. Denne har eit moderne preg, men står greitt til interiøret elles med tredekor i same farge som dette. Delar av denne disken er seinare erstatt av ein disk i blankt metall. Bak disken og på bakrommet finst kaffemaskin og andre naudsynte innretningar for kafédrift, samt ein del nye veggfaste hyller.

I lokalet finst òg fleire lause gjenstandar som kan knytast til lokalet sin opphavlege bruk som tobakksbutikk: eit større reklameskilt for Blue Master tobakk, ein statuett av ein mørkhuda høvding, ein kamelstatuett og to dekorative tretavler med fastmonterte «stammevåpen» utforma i metall. Desse gjenstandane vitnar om at tobakk var ein handelsvare frå «fjerne himmelstrøk». Av verdi er også eit paraplystativ av eldre dato. Desse lause gjenstandane er nytta som dekor i lokalet i dag og det er ønskjeleg at dei tas vare på som ein naturleg del av lokalet sitt interiør, men dei inngår ikkje i fredinga.

## Historikk

Reimers tobakk vart etablert i 1847 i Strandgaten. Tobakkshandlar Henrik Reimers (1828-97) kjøpte i 1885 Småstrandgaten 3, og her låg butikken fram til bybrannen i 1916. Sonen Emanuel Reimers (1866-1942) gjekk i kompaniskap med faren og overtok seinare forretninga åleine. Etter brannen heldt verksemda til i halvpermanente forretningsbrakker, inntil ho kunne flytta inn i Vesta-Hygeas nybygg i Olav Kyrres gate 1 – 50 m unna den gamle plasseringa i Småstrandgaten. Her vart butikken verande til nedlegginga i 2003. Innehavar var då Aslaug Sjaastad, som dreiv forretninga dei siste 25 åra. Familien hennar overtok Reimers tobakk etter Emmanuel Reimers i 1920. Nedlegginga hang saman med nedgangstider for tobakksalet, og familien makta ikkje då å vidareføre butikken. Ved nedlegginga vart tobakksbutikken rekna som landets eldste.

Etableringa av tobakksbutikken i 1847 skjedde i ein viktig overgangsperiode i det bergenske næringslivet. Til midt på 1800-talet var handelen med mange slags varer dominert av tradisjonell krambuhandel. Denne var prega av liten spesialisering: lokalet var vanlegvis berre eit rom i innehavaren sin bustad eller eit enkelt utstyrt kjellarlokale, og vareutvalet var mangfaldig. Det var få spesialforretningar, og få spesialinnreia butikklokale. Men frå byrjinga av hundreåret var handelen med m.a. luksusvarer som kaffi, sukker og tobakk i sterk vekst, og i aukande grad vart desse og andre varar omsette av detaljhandlarar. Etter kvart kom òg meir reindyrka butikklokale i bruk. Det første kjende butikkinteriøret i byen skal vera Løveapoteket i Strandgaten, innreia kort etter 1830 og kjend frå eit bilete av J.F.L. Dreier frå 1832-33. Truleg vart det på same tid innreia butikkar med inngang frå gateplan i fleire av husa i Strandgaten. På dei eldste fotografia frå sentrumsstrøka, frå 1860-åra, kan ein sjå ein del butikkfasadar med store spegelglasruter og reklameskilt, og dei følgjande tiåra vart butikkane eit stadig meir markant innslag i gatebileta. Mot slutten av hundreåret var områda rundt Torgallmenningen blitt eit moderne forretningsstrøk, med butikkar på gateplan i dei fleste husa. Det nye sentrumsområdet som vart gjenreist etter bybrannen i 1916, med butikkar på gateplan og kontor og bustadar lenger opp i husa, førte vidare

dette funksjonelle hovudmønsteret. Også i sin gjenreiste skikkelse er dermed Reimers' tobakksbutikk ein representant for framveksten av den moderne detaljhandelen på slutten av 1800-talet.

### **Kjelder**

Artikkel i Bergens Tidende 30.12.2003


Artikkel i Morgenavisen 2.1.1979

Arkivet etter arkitektane Arnesen og Darre Kaarbø, Bergen byarkiv: Arnesen & Darre Kaarbø A-2388, 197-206

Arkivet etter Distriktsantikvaren på Vestlandet, Hordaland fylkesarkiv

Utarbeida av Ingrid Brandal Olsen og Erlend Hofstad, 2010/2013. Mindre justeringar gjort 2017.

## Historiske bilete



Olav Kyrres gate 1, planteikning av 1. etasje, signert Arnesen & Darre Kaarbø, september 1925. Lokalet rett til høgre for hovudinggangen er merka «Reimers & Søns butik» (Arkivet etter arkitektane Arnesen og Darre Kaarbø, Bergen byarkiv)



Olav Kyrres gate 1 under bygging, 16.4.1926 (fotograf Atelier KK, UBB-KK-N-257/001, Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen)



Fasaden ca. 1927 – nokre fasadedetaljar er enno ikkje monterert (fotograf Olai Schumann Olsen, UBB-SO-1220, Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen)



Fasade 1951 (frå byggesaksmappe for Olav Kyrres gate 1)



Interiøret i 1979 (frå reportasje i Morgenavisen 2.1.1979, fotograf Tor Skillestad)



Interiøret i 1979 (frå reportasje i Morgenavisen 2.1.1979, fotograf Tor Skillestad)



## Fotodokumentasjon

Alle foto: © Hordaland fylkeskommune



Olav Kyrres gate 1, eksteriør sett frå sør (Rådhusgaten til v., Olav Kyrres gate til h.)



Detalj av fasaden mot Olav Kyrres gate (hovudingang til v., Reimers & Sønns Efft. til h.)



Fasaden til butikklokalet til Reimers & Sønns eff.



Interiøret sett mot nord



Interiøret sett mot vest



Interiøret sett mot sør



Interiøret sett mot søraust



Midpartiet av hylla langs nordaustveggen



Skapfront nedst på hylla langs nordaustveggen



Taket sett mot nord



Dør fra butikklokalet til trappehallen

Foto s. 9, 10, 13 (nedst), 14 (nedst) tekne av Ingrid Brandal Olsen 2010, resten av Erlend Hofstad 2017